



## Surnadal kommune

### Viltnemnda

## Retningslinjer for støtte frå kommunalt viltfond, til inngjerding av rundballelager, fôrlager og fôringsplassar.

### Viltnemnda har i møte den 10.06.2011, sak 12/11 fatta slikt vedtak:

Surnadal kommune vedtar følgjande retningslinjer for støtte frå det kommunale viltfondet til inngjerding av rundballelager, fôrlager og fôringsplassar:

#### 1. Vilkår for å motta tilskott:

- Det må være påviste hjorteskadar i nærområdet, enten året før eller same år som det blir søkt om støtte.

#### 2. Søknad:

- Søknad skal være skriftleg og beskrive planlagt tiltak og ha eit kostnadsoverslag.
- Søknaden skal være sendt før ein sett i gang arbeid. Det kan etter avtale med leiar eller sekretær i viltnemnda gjerast unntak frå dette kravet.

#### 3. Krav til inngjerding:

- Inngjerdinga skal være på ein fast lager- eller fôringsplass.
- Kvaliteten på inngjerdinga skal være av ein slik art at den sikkert held hjorten ute. Det skal brukast minimum 2 meter høgt gjerde, enten av godkjent viltnetting eller armeringsnett. Anna inngjerdingsmatriell kan godkjennast, etter avtale med leiar eller sekretær i viltnemnda. Forankring i jord må skje med impregnerte gjerdestolper eller metall stolper.
- Fleksible anlegg (mobil bygge- og sperregjerder) kommer også inn under ordninga.

#### 4. Godkjende kostnadar omfattar:

- Gjerdestolper.
- Viltnetting eller armeringsnett. Anna inngjerdingsmatriell kan godkjennast etter avtale, jfr. pkt. 3.
- Nødvendige festematriell (spiker, skruer, bandjern, ol.).
- Innleidd arbeidskraft.
- Eige arbeid, her er det krav om ført timeliste.
- Mva inngår ikkje i tilskottsgrunlaget, viss søkar er mva-registrert.

#### 5. Tilskottssats:

- Det blir gjeve eit tilsagn om tilskott på 30 % av godkjente kostnader, avgrensa oppad til kr. 10.000,-.

#### 6. Utbetaling:

- Utbetaling vil skje mot dokumenterte utgifter som ligg innafør pkt 4.

#### 7. Avgjerdsmynde:

- Behandling, løyving og utbetaling av tilskott frå det kommunale viltfondet, til rundballelager og fôringsplassar, blir delegert til leiar i viltnemnda.

#### 8. Anna:

- Det blir ikkje gjeve tilskott til vedlikehald av inngjerding rundt rundballelager, fôrlager eller fôringsplass.
- Det blir kun gitt eit tilskott pr. bruk.